

# Handlingsplan 2019– 2023

Fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

Rolle og funksjon.....	3
Aktivitetar, kommunikasjon og representasjon .....	4
Bakgrunn.....	4
Eldre som ressurs .....	5
Fylkeseldrerådet vil arbeide for:.....	5
Påverknad .....	5
Synleggjering.....	6
Utdanning .....	6
Tannhelse.....	6
Helse .....	6
Transport/kommunikasjon.....	6
Tryggleik.....	7
Universelle utforming .....	7
Kultur .....	7

# Rolle og funksjon

Fylkeseldrerådet i Vestland vart oppnemnde av fylkestinget i møte 15. oktober 2019. Rådet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

Rådet skal ha ni medlemar oppnemnde av fylkestinget. To av medlemene skal vera fylkestingsrepresentantar og sju medlemar vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer eldre. Fleirtalet av medlemene i rådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.



Fylkeseldrerådet i Førde, oktober 2020. (Kurt Johnny Hæggernæs var ikkje til stades.)

## For valperioden 2019-2023 har rådet slik samansetning:

Medlem: Kurt Johnny Hæggernæs, Pp

Varamedlem: Kirsten Lunde Juvik, FNB

Medlem: Kristina Vaktskjold Hamre, KrF

Varamedlem: Henrik Oppen, Ap

Medlem: Harald Ekroll, Postpensjonistane S&Fj

Varamedlem: Arne Rognaldsen, Postpensjonistane S&Fj

Medlem: Kristoffer Skjolden, Pensjonistforbundet

Varamedlem: Aud Karin Netland, Utdanningsforbundet S&Fj

Medlem: Gunvor Riim Opedal, Pensjonistforbundet

Varamedlem: Solfrid Fossberg, Pensjonistforbundet

Medlem: Kjellbjørg Lunde, Landslaget For Offentlege Pensjonistar

Varamedlem: Odd Himle, Senior Norge

Medlem: Martin Monrad Reigstad, Pensjonistforbundet

Varamedlem: Inger Margrethe Lingjerde, Pensjonistforbundet

Medlem: Vigdis Ravnøy, Pensjonistforbundet

Varamedlem: Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet

Medlem: Berit Anita Knudtsen Larsen, Fjell eldreråd

Varamedlem: Bjørn Sivertsen, Os Pensjonistforening

Fylkeseldrerådet konstituerte seg sjølve i møte 28. januar 2020

Harald Ekroll vart valt som leiar – Vigdis Ravnøy som nestleiar

## Aktivitetar, kommunikasjon og representasjon

Fylkeseldrerådet vil avvikle minimum 6 ordinære møter i året. Sakspapir og møteprotokoller vert lagt ut på heimesida til Vestland fylkeskommune.

Fylkeseldrerådet vil delta på kurs og konferansar som er relevante forrådet sitt arbeid. Dette omfattar den årlege landskonferansen for eldreråd og den årleg Vestlandskonferansen for eldreråda (Rogaland og Vestland).

Fylkeseldrerådet vil delta aktivt i arbeidet med å få implementert reformane «Leve heile livet» og «Eit aldersvennleg samfunn» i alt planarbeid i Vestland fylke.

## Bakgrunn

Fylkeseldrerådet i Vestland skal ha ein rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttala seg i saker som gjeld eldre.

Medverknadsorgana er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12.

Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

Fylkestinget vedtok 15. oktober 2019 reglement for medverknadsorgana.

Fylkeseldrerådet i Vestland vil til ei kvar tid ha rettferd, kjønnsfordeling og FN sine prinsipp for eldre sine rettigheter for auga. Vi vil motarbeide all form for aldersdiskriminering. Vi vil at eldre skal ha moglegheit for å leve i verdigheit og tryggleik, utan å bli utnytta eller utsett for fysiske eller mentale overgrep, verte handsama rettferdig uavhengig av alder, kjønn, rase eller etnisk bakgrunn, nedsett funksjonsevne, og verte verdsett uavhengig av økonomisk situasjon.

Fylkeseldrerådet vil at velferdsteknologi vert teke i bruk på ein måte som tek i vare brukarane sin integritet, og at kostnader vert plassert på riktig stad.

Fylkeseldrerådet i Vestland har utforma ein kort og oversiktleg handlingsplan for perioden 2019–2023.

Dei områda vi meiner er viktigast å jobbe med denne perioden er nemnde i planen. Planen er ikkje meint å vere avgrensande, men at vi kan bruke tid på å fylge opp og andre saker som har betydning for dei eldre.

Rådet vil legge opp til å ha god kontakt og relasjon til dei kommunale råda i fylket.

Vi er opne for alle gode innspel og inviterer til tre aktive år i dei eldre si teneste.

## Eldre som ressurs

Eldre har unik erfaring og kompetanse etter eit langt liv. Denne kunnskapen er det viktig å overføre til den yngre generasjonen gjennom deltaking i barnehagar, skular, frivillig arbeid m.m. Fleire eldre vil ha god kapasitet og kunne ta på seg oppgåver som dei sjølv meiner dei er kompetente til, innan frivillig arbeid og som ressurs i mange sosiale samanhengar. Fylkeseldrerådet vil at det vert lagt til rette for at dei eldre kan delta/hjelpe til innan dei områda dei har kompetanse og erfaring.

## Fylkeseldrerådet vil arbeide for:

### Påverknad

- å vera eit aktivt fylkeseldreråd
- at rådet vil gjennom representasjon i brukarutval, deltaking i referansegrupper og ved uttalar til høyringar, bidra til at alle sektorar innan helsetenesta fungerer og vert utvikla for å dekke dei eldre sitt behov
- å få møte-, tale og forslagsrett i kommunale/fylkeskommunale vedtaksorgan
- å ha god kommunikasjon med politisk leiing, administrasjonen og råda

- å hindre all diskriminering og fremje likeverd i saker rådet handsamar
- å ha rettferd, kjønnsfordeling og FN sine prinsipp for eldre sine rettar for auga

## Synleggjering

- å synleggjera eldre som ressurs
- å ha kontakt med eldreråda i Vestland fylke
- å formidle kunnskap og informasjon
- å kunne leggja fram eigne saker for dei politiske organa i fylket

## Utdanning

- at utdanningstilbod vert tilgjengeleg innafor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga
- at eldre skal kunne delta i den digitale utviklinga

## Tannhelse

- at fylkeskommunen fylgjer opp ansvaret sitt og oppgåver etter lov om folkehelse
- at talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert
- at det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta

## Helse

- Følge opp samhandlingsreformen
- Følge opp at helsetilbodet i Vestland fylke, i høve til dei eldre, er forsvarleg.

## Transport/kommunikasjon

- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport – og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- at alle haldeplassar har leskur, godt ljós og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstiging
- at vegen og fortau vert rydda og strødd om vinteren slik at det vert trygt å ferdast
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort beheld dette sjølv om dei har opphald i institusjon

## **Tryggleik**

- at eldre skal ha moglegheit for å leve i verdigheit og tryggleik, utan å bli utnytta eller utsett for fysiske eller mentale overgrep, verte handsama rettferdig uavhengig av alder, kjønn, rase, etnisk bakgrunn eller nedsett funksjonsevne
- at eldre blir verdsett uavhengig av økonomisk situasjon
- at velferdsteknologi vert teke i bruk på ein måte som tek i vare brukarane sin integritet

## **Universelle utforming**

- at det må vera eit gjennomgåande krav at universell utforming vert ivaretaken i bygge- og reguleringssaker og gjennom planarbeidet legge vekt på dei eldre sine ynskjer og behov
- at universell utforming gir tilkomst til alle fylkeskommunale bygg
- at rådet skal delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt

## **Kultur**




- å ha eit allsidig kulturtilbod tilgjengeleg i heile fylket slik at eldre og funksjonshemma kan delta i kulturtilbod der dei bur
- at staten aukar tilskotsrammene til Den kulturelle spaserstokken

**Kontakt****Leiar:**

Harald Ekroll  
telefon: 481 55 590  
e-postadresse: harald.kare.ekroll@vlfk.no

**Nestleiar:**

Vigdis Ravnøy  
telefon: 917 49 100  
e-postadresse: vigdis.helene.ravnoy@vlfk.no



vestlandfylke.no